



**Møteprotokoll
for
Formannskapet**

Møtedato: 04.02.2015
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 16:00 - 20:50

Møtet vart styrt av ordførar Nils Marton Aadland.

Medlemmene var innkalla i skriv d. 27.01.15 og møtet var kunngjort i pressa 10.12.14.

Formannskapet hadde pause frå kl. 17:15 - 17:25 og frå kl. 18:55 - 19:15.

Ordførar hadde permisjon frå kl. 18:55 - 19:15.

Møtet vart lukka under handsaming av del av sak 17 med henvisning til kommuneloven § 31 5. ledd.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Nils Marton Aadland	H	Ordførar
Lars L Barstad	V	Varaordførar
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Rolf Hansen	AP	Medlem
Åshild Aamli	SAM	Medlem
Sigmund Larsen	FrP	Medlem
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Medlem

Desse møtte frå administrasjonen: Rådmann Ingvild Hjelmtveit, personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen, sektorsjef teknisk Anny Bastesen, kommuneplanlegger Kristin Nåmdal, gis-konsulent Niels Torger Granum og plansakansvarleg Alexander Helle.

Protokollførar: Randi Hilland

Nils Marton Aadland
ordførar

Randi Hilland
konsulent

Sakliste

Saknr	Tittel
13/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
14/2015	Godkjenning av møtebok
15/2015	Referatsaker
16/2015	Aktuelle saker
17/2015	Orientering av rådmannen
18/2015	Orientering om status kommunestruktur
19/2015	Høringsuttale til framlegg om å statleggjere den kommunale skatteoppkrevjarfunksjonen
20/2015	Kommuneplan, arealdel 2014-2026

13/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

04.02.2015 FORMANNSKAPET

FS - 13/2015 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

14/2015: Godkjenning av møtebok frå møte 21.01.15

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok frå møte 21.01.15 vert godkjent.

04.02.2015 FORMANNSKAPET

FS - 14/2015 VEDTAK:

Møtebok frå møte 21.01.15 vert godkjent.

15/2015: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

Meldinga vert teken til orientering.

04.02.2015 FORMANNSKAPET

FS - 15/2015 VEDTAK:

Meldinga vert teken til orientering.

16/2015: Aktuelle saker

Rådmannen sitt framlegg:

04.02.2015 FORMANNSKAPET

Følgjande saker vart tekne opp:

Lars Barstad:

- Stoda kirng fibersatsing - Kommunen har fått 3 mill. kr. Ordførar orienterte om status - er i god prosess. Endeleg vedtak i juni.
- Aggregat på sjukeheim/Meland vassverk. Rådmann orienterte - er i god prosess.
- Generell bruk av fagareidar - t.d. elektrikere. Administrasjonen vil kome tilbake til dette.
- Søknad frå Max Fitness treningssenter. Administrasjonen svarte.
- Brev sendt til mange vert fulgt opp.

Sigmund Larsen:

- Ønskte ei orientering om prosess når kommunestyret er kalla inn og møte vert avlyst. Ordførar orienterte om avgjerda som vart teken då fleire kommunestyrerepresentantar ikkje nådde fram til møtet.
- Må det søkjast om jordtipp. Administrasjonen orienterte om praksis. Kommunen kan i plan redusere omfanget. Kan setje ramme for kor mykje ein kan fylle utan søknad.

Sølvi Knudsen:

- Risikoanalyse - tre langs vegen. Administrasjonen svarte. Grunneigarar er oppfordra til å rydde langs veg - ber om velvilje frå grunneigarar.
- Er det arbeid på gang for å få på plass ein lege til. Ved drøfting av leige av lokalet vart møtet lukka.

Ordførar:

- Bergensalliansen - samarbeid brann-redning, må samspele betre. Sak til KS i juni om samarbeidet.

- Lindås og Meland Brannvern + Frank Mohn samarbeider innan brannvern. Stasjonert ein brannbil på Flatøy, noko som vil betre beredskapen i kommunen.
- Ordførar og rådmann skal i møte med Bergen kommune der ein skal drøfte kommunestruktur og samferdsel/næring.
- Sambandet Vest - sak til politisk behandling i Nordhordlandskommunar.
- Felles markering 8. mai i Meland. Markeringa vert v/kyrkja og i Nordgardsløa. Vertskap er Nordhordland Forsvarsforening og meland kommune.

FS - 16/2015 VEDTAK:

Formannskapet tek orienteringane til etterretning.

17/2015: Orientering av rådmannen

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet tek orienteringane til etterretning.

04.02.2015 FORMANNSKAPET

Det låg ikkje føre saker.

FS - 17/2015 VEDTAK:

18/2015: Orientering om status kommunestruktur

Rådmannen sitt framlegg:

04.02.2015 FORMANNSKAPET

Rådmann orienterte frå møte med rådmennene i regionen. Viktig å ha ein open dialog. Må få på plass ei politisk organisering.

Ordførar sa at det er viktig å få i gang ein politisk prosess, der ordførar, varaordførar + ein frå opposisjonen er med.

Mogeleg at møtet i Nordhordlandstinget 16.02.15 vert utsett.

FS - 18/2015 VEDTAK:

Formannskapet tek orienteringane til etterretning.

19/2015: Høyringsuttale til framlegg om å statleggjere den kommunale skatteoppkrevjarfunksjonen

Rådmannen sitt framlegg:

Meland kommune rår i frå statleggjering av skatteoppkrevjaren frå 01.01.2016. Vi meiner at dagens løysing gjev dei beste resultata og framstår som ei effektiv organisering. Spørsmålet om organiseringa av skatteoppkrevjaren er mest naturleg å handsama i den kommande kommunereforma. Framlegget inneberer ei uhensiktsmessig sentralisering, når lokal skjøn og lokalkunnskap er mykje av forklaringa på dagens gode resultat.

04.02.2015 FORMANNSKAPET

FS - 19/2015 VEDTAK:

Meland kommune rår i frå statleggjering av skatteoppkrevjaren frå 01.01.2016. Vi meiner at dagens løysing gjev dei beste resultata og framstår som ei effektiv organisering. Spørsmålet om organiseringa av skatteoppkrevjaren er mest naturleg å handsama i den kommande kommunereforma. Framlegget inneberer ei uhensiktsmessig sentralisering, når lokal skjøn og lokalkunnskap er mykje av forklaringa på dagens gode resultat.

20/2015: Kommuneplan, arealdel 2014-2026

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet legg ut kommuneplan for Meland kommune,arealdelen til 2. gangs høyring i samsvar med plan og bygningslova(plb) &11-14. Plandokumentet omfattar planomtale, plankart og føresegner.

04.02.2015 FORMANNSKAPET

Kommuneplanlegger Kristin Nåmdal, gis-konsulent Niels Torger Granum og plansakansvarleg Alexander Helle orienterte.

Formannschaftsmedlemmene orienterte om kva sitt parti ville vektleggje.

Det kom fram framlegg om at formannskapet vil utsetje avgjerd i saka til eit ekstramøte tysdag 10. februar kl. 15:00.

Dette framlegget vart samrøystes vedteke.

FS - 20/2015 VEDTAK:

Saka vert utsett.

Ekstramøte i formannskapet tysdag 10. februar kl. 15:00.
